



Kommunane i Hordaland

## Krav om kontrollarbeid og retningslinjer for tilskot til skogkultur i skogbruket

Viser til forventningsbrev og tildelingsbrev frå Fylkesmannen av februar 2017. Vi vil med dette minne kommunen på kontrollarbeidet og retningslinjer innan skogbruket.

Vi vil også minne kommunen på våre årlege brev om dei pålagte kontrollane i skogbruket. I tillegg vert kommunen kvart år minna på kontrollarbeidet i god tid før den årlege fristen 31. desember. Kontrollane har som mål å sikre forynging etter hogst og at tilskotsmidlane vert nytta i samsvar med forutsetningane.

Fylkesmannen som overordna skogbruksmynde skal kontrollere at kommunen utfører skogoppgåvene på forsvarleg måte. Jf. § 15 i *reglement for økonomistyring i staten* skal Fylkesmannen sjå til at kommunen gjennomfører her nemnde kontrollar. Tilskotsforvaltarar, som i dette tilfelle er kommunen, skal kontrollere at tilskotsmottakarar fyller dei vilkår som er satt for tilskotet.

### Kommunen som skogbruksmynde

Fylkesmannen har erfaring med at ein del kommunar ikkje utfører kontrollarbeidet eller har gjeldande retningslinjer for prioritering av midlane. Forutan dei tre kontrollane og retningslinjer som her nemnd, har kommunen fleire lovpålagte skogoppgåver jf. forventningsbrevet.

Kontroll- og tilskotsforvaltninga i kommunen har følgjande lovheimel.

- Lov om skogbruk, § 6 og § 20
- Forskrift om berekraftig skogbruk, § 15
- Forskrift om skogfond, § 17
- Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK), § 12
- Belastningsfullmakt 2017 – NMSK budsjett
- Reglement for økonomistyring i staten 2017, § 15
- Rundskriv 2016-30 om fylkesmannens kontroll av kommunenes forvaltning

### Foryngingskontroll 2017

Foryngingskontrollen har til hensikt å kontrollere at foryngingsplikta jf. skoglova vert følgd. Utvalet i kontrollen er «risikobasert» og gjeld skogeigarar med avvik mellom registrert hogst

av gran og planting. Felta gjeld for eigedomar med meir enn 250 m<sup>3</sup> avverka gran tre år før kontrollåret, og kor det er registrert færre enn 1000 planter i dei tre åra etter hogst.

Rapportering – fristar

Frist for rapportering av foryngingskontroll er 31. desember 2017. Sjå [www.landbruksdirektoratet.no](http://www.landbruksdirektoratet.no) for fagsystem ØKS og skjema.

*Resultatkontroll for skog og miljø 2017*

Kontrollen skal sikre at hogst og forynging skjer berekraftig – både i høve skogproduksjon og miljøverdiane i skogen. Kontrollen skjer ute på tre år gamle hogstfelt.

Rapportering – fristar

Frist for rapportering av resultatfeltkontroll er **31. desember 2017**. Sjå [www.landbruksdirektoratet.no](http://www.landbruksdirektoratet.no) for fagsystem skogfond og skjema.

*Kontroll av NMSK-midlane (10 % kontroll) 2017*

For tiltak til skogkultur, miljøtiltak og andre tiltak jf. *forskrift om nærings- og miljøtiltak i skogbruket* skal kommunen kontrollere at minst 10 % av tiltaka er gjennomført i tråd med forutsetningane. Fylkesmannen vil med dette minne kommunen på denne oppgåva.

Rapportering – fristar

Frist for rapportering av NMSK-kontroll er **31. desember 2017**. Sjå [www.landbruksdirektoratet.no](http://www.landbruksdirektoratet.no) for fagsystem ØKS og skjema.

*Retningslinjer for NMSK-midlar*

Kommunane skal ha overordna retningslinjer for prioritering av søknader. Retningslinjene skal utarbeidast i dialog med Fylkesmannen og skognæringa lokalt.

Rapportering – fristar

Frist for innsending av gjeldande retningslinjer til Fylkesmannen er **1. april 2018**.

### **Tildeling av NMSK-midlar for 2018.**

I 2018 vert NMSK-midlane fordelt ut i frå budsjettramma tildelt Hordaland og venta aktivitet i kommunen. Fylkesmannen vil krevje at kommunen har utført kontrollarbeidet i 2017, og har gjeldande retningslinjer for bruk av midlane på plass. **Dei kommunane som ikkje har utført kontrollarbeidet i 2017, vert ikkje tildelt nye midlar i 2018.** Om kommunen ikkje har retningslinjer for bruken av midlane gjeldande 2018, vert midlane halde tilbake fram til retningslinjer er utarbeidd.

Kommunane fekk i starten av 2017 detaljert informasjonsbrev kring kontrollane og retningslinjer. Om kommunen har trong for meir informasjon for å løyse oppgåvene kan ein ta kontakt.

Med helsing

Åse Vaag  
landbruksdirektør

Dirk Kohlmann  
ass. landbruksdirektør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi:  
Landbruksdirektoratet